



MÅTTE HA HJELP: Steffen Plonka (held i fisken) måtte ha hjelp av Tore Hellen (t.h.) og krana på fiskebåten hans for å få kveita på land.

FOTO: KURT HENRIKSEN

Tyskar fekk kveite på 136 kilo

HALSNØY: Lokale fiskarar trur det er mellom 20 og 30 år sidan nokon sist fekk så stor fisk i Kvinnherad som den Steffen Plonka (35) drog opp onsdag kveld. Den heftige kveita vog 136 kilo og var 2,4 meter lang.

SIDE 10 OG 11

● **TØFFE FESTIVALDAMER I DUELL**



Kven var kjappaste dama?

Sjefane for Festidalen vart utfordra til duell i det våte element.

SIDE 16 OG 17

● **GÅR I HØGDA MED NYTT TILBOD**



Byrjar med liftutleige

Harald (bildet) og broren Thor-Ove Hauge ligg ikkje på latsida. No startar dei med utleige av liftar.

SIDE 2

● **MARION SKAL SPELA PÅ LAMBASLEPPET**



Mekkar musikk på loftet

Marion Woodseth ser stort fram til å få opptre på Lambasleppet neste veke.

SIDE 12



GLIS: Steffen Plonka (t.v.) har god grunn til å glisa breitt etter å ha teke denne enorme kveita med fiskestong. Jan Trilck (t.h.) var med og hjalp han med å få den til kai, og seinare måtte Tore Hellen løfta den på land med kрана i fiskebåten sin.

Sjekk den fangsten:

Tyskar fekk kjempekveite

Onsdag kveld fekk tyske Steffen (35) sitt livs fangst då han tok ei 2,4 meter lang kveite på 136 kilo ved Hidle utanfor Halsnøy. Lokale fiskarar trur det er mellom 20 og 30 år sidan nokon sist fekk fisk på denne storleiken i Kvinnherad.

MONA GRØNNINGEN
mona@kvinnheringen.no

Steffen Plonka (35) har vore på Halsnøy i to veker, og bur i ei av Kurt Henriksen sine hytter på Asalneset saman med to andre tyske familiar. Onsdag kveld var han og fiskepartnaren Jan Trilck på fisketur då Steffen kroka noko stort ved Hidle, på rundt 90 meters djupne.

- Eg merka med éin gong at det var ein stor fisk. Den drog ned mot djupet rett etter at eg hadde fått den på kroken, fortel Plonka.

Etter vel éin times kamp med fiskestonga fekk dei fisken opp til ripa, og det viste seg å vera ei enorm kveite. Fiskarar er gjerne kjent for å overdriva, men det trong dei ikkje denne gongen! Kveita var 2,4 meter lang, og dei to karane hadde ikkje sjanse til å få den opp av sjøen etter at dei var komne til kai ved hyttene. Då ringde dei Kurt Henriksen for å be om hjelp.

Måtte bruka kran

- Då han ringde var han så gira at eg skjøna at det måtte vera noko svært, fortel Henriksen, som så fekk tak i Tore Hellen. Hellen kom med fiskebåten sin, og måtte bruka kрана for å få kveita på land.

- Ifølgje lokale fiskarar er det truleg 20-30 år sidan ein så stor fisk blei teke her i Kvinnherad, og den er sannsynlegvis 40-50 år gammal, meiner Henriksen. Plonka fortel at den største fis-

ken han har teke før kveita var ei lange på 1,66 meter og 25 kilo. Den fiska han ved Ranavik i fjor.

- Skal du ta med deg noko av fiskekjøtet til Tyskland?

- Eg veit ikkje. Det er jo enorme mengder! ler fiskaren.

Etter å ha partert og vege dei ulike delane av kveita fann tyskarane ut at fisken vog rundt 136 kilo. Ikkje dårleg!



SLEP: Steffen og Jan hadde ikkje sjanse å få den 136 kilo tunge kveita opp i båten, og måtte festa eit tau i sporen og slepa den til kai. **FOTO:** KURT HENRIKSEN.



IKKJE SMÅTTERI: Kveita på 2,4 meter var mykje lengre enn Christian (14, nærmast) og Sebastian (12).



KRAN: Kveita måtte heisast på land med krana i Tore Hellen sin fiskebåt. **FOTO:** KURT HENRIKSEN



Bergen–Stavanger–Hirtshals

fra
2490,-*

per pakke

Pakken inkl. personbil + 2 voksne, 2 barn og standard innvendig 4-sengslugar

Langesund–Hirtshals

fra
490,-*

per pakke

Pakken inkl. personbil + 1 person
Ekstra person:
100,- per voksen, 50,- per barn

Kristiansand–Hirtshals

fra
590,-*

per pakke

Pakken inkl. personbil + 1 person
Ekstra person:
100,- per voksen, 50,- per barn

Bestill din bilpakke på
fjordline.com // 815 33 500

fjordline.com



*Prisen gjelder én vei, personbil under 1,95 m høy og inntil 5 meter lengde. Tillegg for singellugar, andre lugartyper og ekstra personer. Forbehold om trykkfeil.